



Til  
Alver kommune  
Kulturkontoret  
[post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)

7.10.2020

**Høyringsuttale Saksnr 047/20  
Prisar til kultur, idrett og frivilligheit i Alver kommune**

Styret i Edru livsstil Nordhordland har drøfta saka og takkar for at vi fekk høve til å delta i høyringa. Vi meiner i utgangspunktet at tre kommunale prisar for året kan vera i meste laget.

Styret ser og at prisane heng saman, det meste som skjer i det frivillige arbeidet er ei eller anna form av kultur, anten det er musikk, idrett, biletkunst, lokalhistorie, søndagsskule og mykje anna. Det er stor kulturell aktivitet i bygdene våre, med mange eldsjeler attom. Å gje pris til den eine og ikkje til den andre kan vera positivt for den som får det, men kanskje kjennast urettvist for den som har stått på, men ikkje er blitt sett. Kanskje meir dersom prisane vert delt ut tilsynelatande lettvint og ofte.

Det er elles lite truleg at «kommunale prisar» inspirerer eldsjeler til større yting, lag til å gjera meir eller utøvarar til å bli betre. Men det er viktig å bli sett om ein har lukkast!

Styret oppmodar difor kommunen om å avgrensa utdeling av slike prisar til éin i året, og føreslår å kalla det KULTURPRIS, anten det er pris for engasjement innan frivilligsektor, idrett eller annan kulturell aktivitet.

På vegner av styret i Edru livsstil Nordhordland

Sissel-Anny Hjelmtveit  
leiar

[sahjelm@online.no](mailto:sahjelm@online.no)